

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 30.10.2017

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Line Johansen frå Deloitte orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak punkt 1 inneheld denne feilen: planlegging av investeringsprosjekt... Det rette skal vera: innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2..... Punktet vert endra i tråd med dette.

Rapporten vert ikkje ferdig innan 14.11.2017. Etter dette vert ny frist sett til 27.11.2017 kl. 9.00. Punkt 2 i forslag til vedtak går ut.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Forvaltningsrevisjonsrapport innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2 vert å levere sekretariatet seinast innan 27.11.2017 kl. 09.00, slik at den kan handsamast i møte i kontrollutvalet 18.12.2017.
2. Informasjonen vart elles teken til orientering.